

Referat frå AU-møte 19.11.2019 på fylkeshuset

Start kl 14,30 og ferdig kl 15,40

Desse møtte: Kjell Håland, Kjell Søvik og Merethe H. Nordnes.

Punkt 1.

Dette er det siste AU-møtet i RMNF då Kommunelova ikkje gjev rom for å ha arbeidsutval lenger.

Det er også det siste møtet i RMNF med den samansettinga som har vore dei siste 4 åra, og i den anledning vil det bli gitt ei lita gåve til kvar som takk for innsatsen. Harald Norheim og Kjell Søvik som har vore faste medlemmer i rådet i 12 år, får kvar si bok.

Punkt 2.

Årsmelding for 2019. Kjell Søvik har skrive eit utkast til årsmelding, og med litt rettelsar og justeringar frå Kjell Håland er no forslag til årsmelding klart for å framleggast for rådet i møte 04.12.2019.

Punkt 3.

På rådsmøte 04.12. blir det ei orientering. Den tar for seg samhandling mellom grunn- og vidaregåande skule og rettleiingstenesta. OTPPT vil bli nedlagt i si noverande form, og det vil bli orientert om endringane som skal skje frå nyttår.

Punkt 4.

På slutten av AU-møtet var Dagmar Hillestad med på telefon, ho skal overta som sekretær for rådet frå nyttår. Sidan RMNF ikkje lenger får ha AU, vil det kvila eit større ansvar på sekretæren når det gjeld å skaffe fram saker til rådet.

Punkt 5.

Som vanleg etter siste møte i RMNF før Jul, blir det også i år invitert til julelunsj på Scandic Hotel Ørnen

Ref. Kjell Søvik